



Jone R. Kjærland fekk denne ruggen i slutten av juni.

Då er siste dag av årets fiskesesong ferdig, og til no er det meldt inn ein fangst på 604,4 kg. Dette vil nok truleg auka litt når alle fiskarane har fått rapportert inn. Det har blitt eke mykje stor fisk med rekordlaksen til Jone R. Kjærland på topp. Også i år har Ole Martin Gilbu laga ein flott fiskefilm der over halvparten er frå fiske i Uskedalselva.

Av fangsten på 604,4 kg i år er det mange store fiskar. Heilew 17 fiskar har vore 6 kg eller meir. Den største laksen som Jone R. Kjærland fekk, var heile 13,6 kg. I fjor var største fisken 11 kg, medan det var 11 fiskar på 6 kg eller meir. Totalt vart det fiska 765 kg i fjor. For 2 år sidan, i 2015, vart det fiska rekordmange 22 fiskar på 6 kg eller meir. Likevel var totalfangsten det året 508 kg medan den største fisken som vart landa det året, var på 10 kg.

Også i år har Ole Martin Gilbu vore fleire turarar over fjellet for å fiska i Uskedalselva. Dette har resultert i nok ein flott fiskefilm på ca. 15 minutt. Tittelen er 'Livet langs elvene'(Fiskejegeren Production). Første del av filmen er frå Lærdalselva medan litt meir enn siste halvparten er frå fiske i Uskedalen. Filmen kan de sjå ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat